



VINDAFJORD
KOMMUNE

Ut på tur i Vindafjord

2023



Foto: Aleksander Voldstad

Gå tur og bli med i trekninga av gåvekort!

15 turar (6 tilrettelagde turar)

Gå tur og finn kodeord

9 TURAR: I brosjyren finn du informasjon om 9 ulike turmål i Vindafjord kommune. Dersom du går alle desse turane i perioden 01.04.2023–31.10.2023 og registrerer kodeorda, er du med i trekninga av gåvekort.

6 TURAR: I tillegg er det lagt til rette 6 lettare turar for alle, også for barnevogner, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma. Det er nok å ha samla 4 av 6 kodeord for å vera med i trekninga av gåvekort.

På kvart turmål finn du turkasse med bok til å skrive namnet ditt i, og eit kodeord. Grunna snø på enkelte av toppane kan det hende at stien ikkje er heilt ferdig merka og at bok med kodeord ikkje er på plass innan oppstart 1. april.

Registrering av kodeord

For å bli med i trekning av gåvekort, kan du enten levere inn kodeorda i post eller digitalt på heimesida vår.

Post: Noter kodeord på tilvist plass på baksida i brosjyren – kodeorda vil til slutt bli ei setning. Når du har alle orda på plass, sender du inn brosjyren til Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 Ølen, innan 03.11.2023.

På nett: Det er mogleg å levera inn «kodeordsetninga» digitalt på heimesida vår.

For turkart og meir informasjon:

www.vindafjord.kommune.no
(Kultur og fritid - friluftsliv)
Eller skann QR-koden med mobilen.



TELLTUR (i samarbeid med Friluftsrådet Vest): Bli med i konkurranse om å nå flest turmål i Nord-Rogaland og Sunnhordland! På telltur kan du også registrera turane dine elektronisk, enten med SMS, direkte på nettet eller i appen (Norges Kart Friluftsliv). I år vil det vera over 100 turmål i vår region med i TellTur-programmet. Opprett din eigen brukar på nettportalen TellTur (www.telltur.no). Her kan du halda oversikt over turane og poenga dine og konkurrera med deg sjølv og andre om fine premiar. Meir info på TellTur.no!

Vanskegrad på turane



Grønn = Enkel



Blå = Middels



Rød = Krevjande

9 turar



BJOA – Rundtur til Baslifjell 228 moh.

Avstand: ca. 4,5 km t/r

Tid: ca. 1,5 t t/r

Vanskegrad: Lett

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 i Ølensvåg og følg Bjoavegen mot Bjoa. Etter om lag 15 km, ta av til venstre i vegkryss skilta til Dalen. Følg kommunal veg. Ved Bjoavatnet, ta til høggre i vegkryss skilta Dalsbruket. Etter om lag ein km sjå etter skilt for parkering og tursti.

OM TUREN: Start frå vegen til Dalsbruket. Her er også informasjon (i busskur) om turen. Første del av turen går på privat skogsbilveg om lag 350 m inn til tømmervelteplass. Ta av frå skogsbilveg inn på traktorveg ved skilt til Kistedalstjørna. Følg traktorveg om lag 450 m, derfrå vidare på sti opp til tjørna, langs vasskanten på venstre side, og opp til utsiktspunkt på Nordre Baslifjellet. Herifrå kan du sjå Dalselva som buktar seg veg nedover til Ålfjorden, og store skogsområde med Skrednuten mot sør.

Følg deretter merka sti til Sæbjørnsplasset og vidare på merka traktorveg ned til tømmervelteplassen ved enden av skogsbilvegen. Følg denne tilbake til parkeringa. Boka ligg i kasse på Nordre Baslifjellet. Rasteplass med bord og benk er plassert innerst i Baslia.



ØLENSVÅG – Ormåsen 518 moh.

Avstand: ca. 7,6 km t/r

Tidsbruk: ca. 2-3 t t/r

Vanskegrad: Krevjande

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 i Ølensvåg og køyr omlag 300 m mot Bjoa. Parker på busslomme og følg turskilt til Dueland på bilveg, vidare på skogsveg og til slutt på sti.

OM TUREN: Turen startar frå Ølensvåg (gamleskulen), men ein kan også gå frå både Berge og Vaka. Over halve turen går på skogsbil- og traktorveg uansett kvar du startar. Deretter er det mest tørre stiar, men nokre parti med fuktig terreng. Stiane skiftar mellom lett terreng og nokre bratte stigningar. På toppen kan du nyta flott utsikt over Ølensvåg og nabobygdene.



Baslifjell. Foto: Ingrid Johannessen



Ormåsen - Foto: Pål Viland Monstad



Hest - Foto: Aleksander Vølstad



SANDEID – Rundtur til Hest 552 moh.

Avstand: ca. 6,4 km t/r
Tidsbruk: ca. 1,5 t t/r
Vanskegrad: Middels

TILKOMST OG PARKERING: Ta av Sandeidvegen (fv. 514) mellom Ølen og Sandeid ved kyrkja i Sandeid. Ta inn Helgelandsvegen som både er skilta med vegnamn og trafikkskilt. Kjør rundt 3 km på Helgelandsvegen til det står eit skilt med Fjellstøl til venstre. Følg denne vegen heilt til endes til parkeringsplassen. Det kostar kr. 50,- å stå. Betaling med kontanter i konvolutt eller Vipps.

ALTERNATIV TILKOMST: Frå Opheim i Ølen. Følg E134 til den godt skilta avkøyringa til Olalivegen på Fikse. Kjør til endes til parkeringsplass med parkeringskrav.

OM TUREN: Frå parkering på Fjellstøl, eller Opheim, føl ein merka grusveg inn mot DNT si hytte i Olalia. Etter å ha passert Røde Kors-hytta og kome opp på kammen 200 meter etterpå, skal grusvegen følgast rundt 500 meter før ein ser merkinga til høgre mot Hest. Turen opp til Hest går først forholdsvis flatt innover, før det stig oppover mot toppen. Frå toppen ser ein både Sandeidfjorden og Ølensfjorden. Frå toppen går ein vidare på merka sti nedover sørsida av fjellet. Nede ved Grasdalsmyra tar ein til høgre og følgjer stien over Haukareid tilbake til Fjellstøl.



Akslandsstølen - Foto: Marit Svandal



IMSLAND – Akslandsstølen 432 moh.

Avstand: ca. 3,5 km t/r
Tidsbruk: ca. 2 t t/r
Vanskegrad: Middels

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 i rundkjøringa ved Knapphus, og følg Saudavegen (fv. 46) inn til Akslandstunellen. Parkering på høgre side før tunellen.

OM TUREN: Kryss vegen og følg skogsveg oppover. Vegen går bratt oppover til Skolleskar, og går vekselvis på skogsveg/sti. Det er fleire våte parti frå Skolleskar og inn til stølen. Kassen er plassert på Akslandsstølen. Her finn du også merka tur opp til Akslandsnuten (821 m.o.h) viss nokon vil ha ein lengre tur. Denne turen tar ca. 2,5 timer t/r i tillegg.



Utsikt fra Storafjellsnibba - Foto: Siri Nonslid



SKJOLD – Storafjellsnibba 501 moh.

Avstand: ca. 10 km t/r
Tidsbruk: ca. 4-5 t t/r
Vanskegrad: Krevjande

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 i plankryss til Skjold og til høgre i rundkjøring i retning Nedstrand. Følg fv. 513 til du kjem til krysset for Åmsosen og Nedstrand. Her kan du parkere ved murhus i krysset. Ein kan også parkere ca. 150 m på venstre side i ei lomme i retning Nedstrand frå krysset. Turstien starter frå krysset ca. 50 m retning Nedstrand på venstre side.

OM TUREN: Stien starter ved skilt med «tursti», ca. 50 m i retning Skjoldastraumen på venstre side. Stien går gjennom furu- og lauvskog heilt opp til Skrubba-haugen 280 m.o.h. Noko myrlendt enkelte plasser. Vi går gjennom Glimmergruvane kor informasjonstavla står. Etter Skrubba-haugen går ein delvis på berg og sti opp mot toppunktet Vardafjell 377 m.o.h. Fortsett vidare på stien retning mot Vats, ned i dalen og mot Giskaskaret. Her dreier ein mot høgre og følgjer merka sti oppover mot Storafjellsnibba. Når ein kjem opp på toppen, har ein eit flott utsyn over Skjoldafjorden og Haugalandet. Turkassen ligg ved varden. Same veg tilbake.



ØLEN – Steinslandsnuten 514 moh.

Avstand: ca. 8 km t/r
Tidsbruk: ca. 2-3 t t/r
Vanskegrad: Middels

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 i Ølen og følg Sandeidvegen (fv. 514) mot Sandeid. Etter om lag 4,5 km, ta til høgre mot Stuhaug Turisme og Gardsmuseum. Følg skilt til parkeringsplass.

OM TUREN: Frå parkeringsplassen følgjer du traktorvegen om lag 2,5 kilometer. Dette er same veg som stien til Aurdal. Vegen stig bratt første delen. Når du kjem opp på den første flata er det merka til eit utsiktspunkt. Her er det ein benk for å ta seg ein rast med god utsikt over dalen ned mot Sandeid. Etter utsiktspunktet er det framleis litt stigning før traktorvegen flatar ut. Stien tar av frå traktorvegen og går opp på vestsida av toppen. Turen går nesten rundt Steinslandsnuten før du kjem til toppen.



Steinslandsnuten - Foto: Pål Viland Monstad



VATS – Langs ei å 301 moh.

Avstand: ca. 4 km t/r

Tidsbruk: ca. 2,5 t t/r

Vanskegrad: Middels

TILKOMST OG PARKERING: Kjør 2,5 km frå Knapphus mot Ølen, til vegkryss der det står skilt til Blikrabygda. Ta av mot Blikrabygda og følg Blikravegen (fv. 737) om lag 3,5 km forbi ei stor raud løe like ved vegen og eit bedehus. Om lag 150 m nedanfor bedehuset kjem du til ei bru – her er parkeringsplass, benk, skilt og informasjonstavle om turen.

OM TUREN: Følg merka sti frå parkeringsplassen langs Blikraaelva som renn ut i Vatsvatnet nede ved Refsnes. Stien er godt skilta og har fleire informasjonstavler om kvernhus, kraftverk, oppgangssag m.m. Når du kjem opp til Kraftverksinntaket på om lag 300 m.o.h. finn du turkasse og ein kvilebenk. Etter ein pause kan du velja om du vil gå ned på andre sida av elva. Her er det god traktorveg til Blikra til parkeringsplassen. Det er merka tur opp til Vardafjell (661 m.o.h.) viss nokon vil ha ein lengre tur. Denne turen tar ca. 2 timer t/r i tillegg.



VIKEBYGD – Juten 411 moh.

Avstand: ca. 5,2 km t/r

Tidsbruk: ca. 2,5 t t/r


Vanskegrad: Middels

TILKOMST OG PARKERING: Ta av E134 ved Isvik og følg Vikevegen om lag 16,5 km til Skartland. Her finn du parkeringsplass på høgri side av vegen.

OM TUREN: Turen startar nede ved Vikevegen. Følg skogsveg mot nord, gå den til endes. Skogsvegen tar slutt ved ei grind, like etter dette sving skrap mot nord (venstre), følg deretter stien til toppen av Såta. Frå Såta, ta sørover og følg skilt og merkepinnar til toppen av Juten. Frå Juten er det flott utsikt over Skartland, Ålfjorden og Sunnhordalands-bassenget. Her finn du også merka tur opp til Dyraskorsfjell (531 moh.) viss nokon vil ha ein lengre tur. Denne turen tar ca. 1-2 timer t/r i tillegg. Følg same veg tilbake til turstart.



Juten - Foto: Roald Årvik



Ulvavollsnuten. Foto: Kjetil Austrheim



VIKEDAL – Ulvavollsnuten 562 moh.

Avstand: ca. 8,4 km t/r

Tidsbruk: ca. 3-4 t t/r

Vanskegrad: Krevjande

TILKOMST OG PARKERING: Frå Vikedal sentrum tek du av Saudavegen (fv. 46) og køyrer mot Roaldkvam (fv. 745). Kjør rett fram ved første bru og forsett vidare på fjellgardvegen. Etter om lag 7 km frå Vikedal sentrum kjem du til Låkafossen, der turen startar. Parkeringsplass, samt turtafle med informasjon, finn du på høgri side av vegen før brua.

OM TUREN: Frå Låkafossen følgjer du merka sti inn på traktorveg. Eit stykke oppe i lia kjem du til Ole's steinbu. Ta til høgri ved steinbuene. Etter om lag 150 m kjem du fram til ein fin utsiktsplass – Geitahedla. Turen vidare frå steinbuene går på traktorveg som går over til sti. Etter nokre hundre meter kjem du til skilt som viser veg til Ilstveit og Imsland, samt rundtur rundt Ulvavollsvatnet på vel 2 km. Forsett vidare på stien rett fram til du kjem ned til nordenden av Ulvavollsvatnet, og følg skilt til venstre når du passerer ei hytte. Etter omlag 750 meter, tar du av stien til høgri. Herifrå går stien bratt oppover fjellryggen, og det er eit strekke kor det er mogleg å halde seg i tau. Etter omlag 1,5 km er du framme ved toppen. Følg stien tilbake til krysset, og gå enten same veg tilbake, eller ta til høgri og følg merka sti via Koladalen på vel 3,4 km tilbake til turstart.



6 lettare turar for alle

Også for barnevogner, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma



BJOA – Vadhytta (Dagsturhytte) 272 moh.

FRÅ BJOA:



Avstand: ca. 2,8 km t/r

Tid: ca. 40 min. t/r

Vanskegrad:

Enkel

FRÅ ØLENSVÅG



Avstand: ca. 7,3 km t/r
frå starten av
Duelandsvegen

Tid: ca. 2 t t/r frå
starten av
Duelandsvegen

Middels

TILKOMST OG PARKERING: Du kan nå Vadhytta både frå Bjoa og Ølensvåg.

Frå Bjoa: Ta av frå Bjoavegen ved skiltet til Dalen og følg Eikåsvegen nesten til endes. Like før brua i Eikås, ta av til venstre og følg skogsbilveg opp til parkeringsplass. Her er det skilta til Vadhytta.

Frå Ølensvåg: Ta av E134 inn på Bjoavegen. Etter om lag 300 m ta av til venstre og følg Duelandsvegen til parkeringsplass. Du kan og parkera nede ved Bjoavegen, der du tar av til Duelandsvegen.

OM TUREN: Både frå Bjoa og Ølensvåg er det god grusveg. Frå Bjoa går turvegen i lett terreng. Eigna for sykkel, barnevogn og rullestol. Frå Ølensvåg er det eit bratt stykke i starten, men det flatar ut på toppen.

OM DAGSTURHYTTA: Dagsturhytta i Vindafjord har fått namnet Vadhytta. Målet med dagsturhytta er aktiv fritid for alle. Tilkomstveg, og sjølv hytta med toalettfasilitetar, er difor universelt utforma slik at hytta skal kunne nåast av flest mogleg, uavhengig av helse og kondisjon. Samstundes skal det vera eit attraktivt turmål å besøka fleire gonger, også for røynde turgåarar. Du finn også eit «mini»-bibliotek i hytta som drives av Vindafjord bibliotek.



VATS – Fjellgardsbakken

Avstand: ca. 3,4 km t/r

Tid: ca. 1,5 t t/r

Vanskegrad: Enkel

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå E134 inn på Aurdalsvegen ved tidlegare gartneri. Følg vegen til endes ca. 1,4 km. Her finn du parkeringsplass og infotavle med opplysningar om ulike turar innover dalen. Alle turane har felles utgangspunkt herifrå på god traktorveg.

OM TUREN: Turen går på god grusveg. Ved brua på Fjellgardsbakken er det sett opp benk og vippe for ungar og turkasse med bok i. Dersom du vil, kan du gå over brua og følgja vegen vidare 600 m oppover, då kjem du til ein ny rasteplass ved Tverrelva. Dette er ein fin tur i bjørkeskog, men vegen går i litt brattare terreng. Det går traktorveg innover nesten heilt over til Steinsland i Sandeid. Det manglar veg berre eit kort stykke.



VIKEDAL – Rundtur Holmen – Kyrkjehølen

Avstand: ca. 1,4 km t/r

Tidsbruk: ca. 45 min.

Vanskegrad: Enkel

TILKOMST OG PARKERING: Følg Saudavegen (fv. 46) til Vikedal. I Vikedal sentrum tar du av til idrettsplassen og parkerer der. Her startar turen og du finn informasjonstavle i området.

OM TUREN: Følg løype som vist på kartet, start med å gå forbi kafedelen på bygdahuset. Ta til høgre ved kunstgrasbanen og du kjem til eit kryss kor du tar til venstre. Følg vegen til båthamna, som det er verdt å ta ein tur innom og fortsett vidare til campingplassen. Ved den første campingvogna kan du kan ta ein avstikkar ned til den flotte stranda. Fortsett ca. 50 meter inn på campingplassen, og ta til venstre opp bakken til «nye» Holmen bustadfelt. Hold mot høgre og gå rett fram til vegen går over til grusveg i enden av feltet. Fortsett vidare til du kjem til ei trebru som går over Kyrkjehølen. Du passerer ein lavvo og fortsett på grusveg langs Kyrkjehølen. Ta til høgre mellom grasbanen og sandvolleyball-anlegget og fortsett vidare fram til der turen starta.

Hugs bandtvang og vis omsyn.





Fjellgardsbakken i Aurdalsdalen
Foto: Christine R. Brataas



Rundtur Holmen-Kyrkjehølen
Foto: Lillian Austrheim



Isvik mot Trovåg
Foto: Siri Nonslid



Ørevikvegen - Foto: ukjent



Rundtur Helgevold - Foto: Stine Helen Marken

SKJOLD – Gangsti mot Trovåg

Avstand: ca. 4,8 km t/r

Tidsbruk: ca. 1-2 t t/r

Vanskegrad: Enkel

Tilkomst og parkering: Ta av frå E134 og inn på Vikevegen (fv. 734). Parker ved Kiwi Isvik i sentrum av Skjold.

TERRENG: Ein del flate parti, men og nokre bakkar. Sykkel- og gangsti, fortau og ferdspel langs trafikert veg. Asfalt på heile turen.

OM TUREN: Start og mål i Isvik. Følg sykkel- og gangstien langs Vikevegen mot Vikebygd. Turen startar med jamn og svak stigning dei første kilo-

meterane. Ein går forbi tidlegare Langeland Bakeri, Skjold trevare og vidare oppover mellom gardane på Haakull. Når ein kjem til vegkrysset på Skogagjerdet, fortsett ein vidare rett fram på sykkel- og gangstien. Når ein kjem til busstoppet ved «Lykkepoten hundehotell», finn ein kodeordet/turkassen for turen. Ønsker ein å gå heile sykkel- og gangstien til Trovågsfeltet, fortsett ein vidare langs Malasetvatnet, som ligg idyllisk til langs sykkel- og gangstien. I enden av sykkel- og gangstien, kan ein krysse over vegen til Trovågsfeltet og ta ein kikk på den flotte utsikten over Ålfjorden. På fine kveldar kan ein nyta synet av flotte solnedgangar her.

IMSLAND – Ørevikvegen

Avstand: ca. 4,8 km t/r

Tidsbruk: ca. 1 t t/r

Vanskegrad: Enkel

TILKOMST OG PARKERING: Ta av frå Saudavegen (fv. 46) i Ølmedal og sving til venstre i krysset ned til Imslandssjøen. Parker nede ved kyrkja. Du kan også parkera oppe ved bygdahuset i Ølmedal.

OM TUREN: Ørevikvegen er ein del av den gamle hovudvegen mellom Haugesund og Sauda. Vegen vart rusta opp som eit kulturminne på 1990-talet. Turen startar ved gardstunet på Imslandsgarden. Mesteparten av turen går på grusveg, men det er asfaltert bilveg fram til starten på Ørevikvegen. Langs vegen er det infoskilt om vegen, planter og tre, samt rasteplassar med benkar. Turkassen finn du ved rasteplassen i siste del av turvegen. Etter turen er det fint å ta turen ned til Imslandssjøen for å bada.

SANDEID SENTRUM – Rundtur Helgevold

Avstand: ca. 3 km (rundtur)

Tid: ca. 45 min. (rundtur)

Vanskegrad: Enkel

TILKOMST PARKERING: Du kan starta turen enten ved Sandeid samfunnshus eller ved Teknisk bygg i sentrum av Sandeid. God parkering på begge stadar.

OM TUREN: Dersom du startar ved samfunnshuset, følg gangvegen nedover langs Sandeidvegen til krysset Sandeidvegen/Saudavegen, vidare langs Saudavegen til avkjøringa til Teknisk bygg (Østbøvegen). Turen går vidare på gardsveg til du kjem til Rødneelva, og så på traktorveg langs elva fram til Rødnebrua. Her finn du turkassen. Der tar du til venstre og følgjer Helgelandsvegen tilbake til utgangspunktet. Turen går på asfalt- og grusveg i sentrumsnært område med lite bakkar.

GOD TUR!

Namn _____

Adresse _____

Poststad _____

Telefon _____

Alder (sett kryss): Under 15 år ☐

Over 15 år ☐

*Skriv inn kodeord du fann på turane.
Du kan velge om du vll delta på ein eller begge.*

Kodeord (6 turer)

Vadhytta

Fjellgardsbakken

Vikedal, rundtur

Skjold, gangsti mot Trovåg

Ørevikvegen

Sandeid sentrum, rundtur



VINDAFJORD
KOMMUNE

v / Kultur og læring
Dreganesvegen 40
5580 Ølen

Kodeord (9 turer)

Baslifjell

Ormåsen

Hest

Akslandsstølen

Storafjellsnibba

Steinslandsnuten

Vats – langs ei å, Blikraelva

Juten

Ulvavollsnuten



Del gjerne bilete frå turane på
Instagram: **#vakrevindafjord**